

Grunneigarar Olsvollstranda
v/Åge Petersen
Nordre Austmarka 21
5938 Sæbøvågen

Olsvollstranda.14.desember.2022

Alver kommune
5906 Frekhaug

Merknad til nabovarsel vedrørende frådelling av gbnr 474/21

Viser til mottatt nabovarsel 02.12.2022

Vi er 4 grunneigarar som grensar til eigedomar som skal skiljast ut frå gbnr 474/21.

Mottatt situasjonsplan syner at tilkomstveg KV_02 for våre eigedomar ligg inne i område som skal skiljast frå. Dette kan ikkje vera riktig då det klart kjem fram av beskrivelse og føresegner i vedtatt reguleringsplan at denne vegen er ein offentleg veg som bla skal gje tilkomst til føresegnsområde #08, #12, #13, #14, #15 som er områder vi er grunneigarar.

I føresegner som vist til over framgår det og at føresegnsområde #03 og #06 som gjeld område som vert søkt frådelt, skal ha tilkomst via internvegar aust for område og ikkje via tilkomstveg KV_02 vi nyttar oss av.

Slik vi ser det kan ikkje Alver kommune skilje ut del av offentleg veg og såleis frata oss vegretten.

Nokon av oss har tatt munnleg kontakt med kontaktperson vist til i nabovarsel, han kunne opplyse at vegen som skulle skiljast ut saman med eigedomane var privat veg og såleis kunne skiljast ut og seljast.

Me vel å tru at dette må vera ei misforståing, håpar på eit snarleg og positivt svar.

Med helsing

Kjetil Straume - gbnr 474/61



Åge Petersen - gbnr 474/55



Olav H Kolås - gbnr 474/53



Jon Olsvoll - gbnr 474/44 og 474/54

